



Vakre haustfargar i fjellet

**Av mange vert hausten rekna som den aller finaste tida for turar i fjellet og naturen elles. Dei næraste to månadene kjem skigruppa i idrettslaget med eit flott turtilbod til turglade ungdommar og vaksne, kvinner og menn på tirsdagskveldane. Dette er altså eit opplegg for alle, og programmet inneheld mange fine turar.**

- Her er det slett inge krav til superform. Nokre vil nok springa, andre vil gå. Di større spenn det vert i form og alder, di meir vellukka vert det, vert det understreka frå skigruppehald, medan dei legg til at det sosiale er viktig samtidig som forma heilt sikkert vil koma etter kvart. For skiløparane er det eit ledd i allsidig trening, medan det for andre vert rein trim.

Det er sett opp følgjande interessanne program, og dersom ikkje noko anna er nemnt, er det frammøte ved Grano kl.18.00.

#### **August:**

25. - Svartavatnet (frå Husnes)

#### **September:**

1. - Skronten (Enes) **NB: Grano 17.30**

8. - Hellesøyvegen - Rosendal

15. - Kvanto (Omvikdalen)

22. - Manen

29. - Nåso

#### **Oktober:**

6. - Tverrfjell

13. - Såto

Dersom det vert dårleg ver nokre av dagane, vert det tur i nærområdet i staden. Styret i skigruppa håpar at svært mange vert med på turane. Di fleire, di kjekkare!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Ståle Eik